

RESPEKT 2.0

Klepp ungdomsskule



Innhald

A) Visjon og verdiar.....	3
Bli den beste du kan bli!.....	3
Klepp ungdomsskule i TET	3
B) Optimalt læringsmiljø.....	4
1. Gode relasjonar og god kommunikasjon i det vaksne miljøet.	4
2. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom dei vaksne og elevane.	4
3. God klasseleiing.	4
4. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom skulen og heimane.	4
5. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom elevane.	5
6. Samkøyrte oppfølging av skulen sine reglar og rutinar.	5
7. Kvar elev opplever fagleg meistring kvar dag.	5
C) Kommunikasjon.....	6
Kommunikasjon dei vaksne imellom.....	6
Kommunikasjon med elevar	6
Kommunikasjon om elevar og foreldre	6
D) Første skuledag	7
E) Historie	8
2012-2026	8
2026 og framover	8

Versjon april 2026

A) Visjon og verdiar

<i>Bli den beste du kan bli!</i>	<i>Klepp ungdomsskule i TET</i> <ul style="list-style-type: none">• Trygg• Engasjert• Tydeleg
----------------------------------	---

I eit samspel mellom elevar, føresette og tilsette skal me sjå og utvikla den einkilde sine evner både fagleg og menneskeleg, bygd på høge ambisjonar, tydelege rammer og gjensidig respekt.

- *Kvar elev skal oppleve meistring kvar dag.*
- *Me skal leggja til rette for eit godt samspel mellom heimen og skulen.*
- *Me som arbeider ved skulen skal snakka positivt om og med kvarandre, og gjera kvarandre gode.*

Me skal vera trygge vaksne som er engasjerte i ungdommane si faglege og sosiale utvikling. Me møter dei unge med tydelege rammar med varme blikk.

B) Optimalt læringsmiljø

Skulen si ramme for korleis me jobbar saman for eit optimalt læringsmiljø. Me gjennomfører erfarings- og ide-utvekslingar kontinuerleg - på klassenivå, trinnmøte, møte i utviklingsgruppa og felles.

1. Gode relasjonar og god kommunikasjon i det vaksne miljøet.

- Me på Klepp ungdomsskule er eit lag som vil kvarandre vel
 - me er raus, støttande og lojale.
 - me er profesjonelle med fokus på god dialog, delingskultur og godt samarbeid.
 - me er inkluderande og har respekt for kvarandre.
 - me har det sosialt og bruker humor på ein god måte.

2. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom dei vaksne og elevane.

- Me bygger gode og trygge relasjonar til kvar enkelt elev.
- Me bygger gode og trygge relasjonar til kvar klasse/gruppe.
- Me er tydelege på at me likar elevane.
- Me er tydelege og samkøyrt på grensesetting.

3. God klasseleing.

- Me er trygge, engasjerte og tydelege vaksne der elevane oppheld seg, i skulen sine fysiske og digitale rom.
- Me ser til at det er orden i alle rom me bruker.
- Me bruker «Den gode timen» som ramme for undervisning.
- Elevane skal vera der undervisninga skjer.
- Me har ein god plan og struktur for elevane si læring.

4. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom skulen og heimane.

- Me informerer heimane generelt gjennom heimesida og Visma Flyt Skole, og har ei forventning til at heimane held seg oppdatert.
- Me informerer heimane individuelt ved behov gjennom Visma Flyt Skole eller telefon. Kontaktlærar ringer heim ila dei to første vekene i 8. klasse.
- Utviklingssamtalen vert gjennomført ut frå skulen sine føringar.
- Foreldremøtet vert gjennomført ut frå treårig plan.

5. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom elevane.

- Me hjelper elevane å definere omgrepet respekt, slik at alle er oppdaterte når me snakkar om - og viser til dette.
- Elevane viser respekt gjennom korleis dei kommuniserer med kvarandre.
- Elevane skal kunne handtere å vera ueinige på eiga hand, men må vera trygge på at dei kan kontakte vaksne når ting vert uhandterlege.

6. Samkøyrte oppfølging av skulen sine reglar og rutinar.

- Alle elevar har ansvar for å følgje skulen sine reglar og rutinar.
- Alle tilsette støttar kvarandre i å praktisere reglar og rutinar tydeleg og likt, slik at elevane møter eit samkøyrte skulemiljø på tvers av trinn og situasjonar.
- Skuleleiinga har ekstra ansvar for å setje reglar og rutinar på dagsorden og sikre at dei blir praktiserte likt på tvers av trinn.

7. Kvar elev opplever fagleg meistring kvar dag.

- Me legg til rette for at alle elevar kan oppleve meistring kvar dag.
- Me nyttar ressursane og samarbeider fleksibelt i det vaksne miljøet for å få dette til.
- Me jobbar for at alle elevar respekterer kvarandre for den dei er. Alle er like mykje verd.

C) Kommunikasjon

Kommunikasjon dei vaksne imellom

1. På Klepp ungdomsskule seie me *God morgon, Hei og Ha det bra*.
2. Når me snakkar om kollegar, legg me vekt på å framsnakka.
3. Me er obs på vårt eige kroppsspråk.
4. Frustrasjon og problem takast med den det gjeld på tomannshand - inkludert nøye val av tid og stad.
5. Me seier i frå til den det gjeld viss nokon har ein åtferd som strid imot det me er blitt einige om. Vert det for vanskeleg, melder me vidare til leiinga.

Kommunikasjon med elevar

1. På Klepp ungdomsskule bygger me og held ved like relasjonar til elevane.
2. Me helsar på elevar me møter.
3. Me er obs på vårt eige kroppsspråk.
4. Til elevane snakkar me berre positivt om kollegar og elevar.
5. Konfliktsamtalar med elevar tar me ikkje i plenum, men i einerom. Viktig å lytte til elevane først.
6. Me er lojale ovafor reglar som blir bestemte. Elevane møter samkøyrde vaksne.

Kommunikasjon om elevar og foreldre

1. Me omtaler alltid elevar og foreldre med respekt.
2. Når me treng å drøfta noko om elevar og foreldre, må det også gjerast med respekt – inkl. nøye val av tid og stad.
3. Me legg vekt på å omtale elevane som *våre*, ikkje dine og mine.

D) Første skuledag

- **07.45:** Alle dei vaksne møter i skulegarden med Respektvest. Lite ring ca. 07.58 - alle går til klasserommet.

- **08.00:** Kontaktlærarane står i døra og ønskjer elevane velkomne. Pulten skal vere klar med namn på. Etter at alle er på plass og ein har ønskja dei velkomne (alle står då ved pultane), går ein i gang med fag. Hugs å sikre at alle har noko å skriva med. Lærarane går rundt i klasserommet og kontaktar alle elevane i løpet av arbeidsøkta.

- **09.00-09.30:** Arbeidsøkta avsluttast, ein oppsummerar og forklarar kva som skal skje vidare. Organisering av skuledagen, (8.trinn: - gjennomgang av grupper i framandspråk, utdeling av kontrakt for elevskap), timeplanar, bøker, pålogging appar på ipad, CL - Classbuilding/teambuilding strukturar - f.eks «Finn ein som» osv.

Deretter klar, markert avslutning av timen.

- **09.30 – 09.45:** Friminutt: Alle elevane og alle dei vaksne er ute i friminuttet (hugs vestane).

- **09.45-10.45:** Storsamling – Elevane møter i klasserommet, kontaktlærarane viser elevane på plass i Krossen og sit sjølv midt blant elevane med Respektvest, strategisk plassert. Når samlinga er slutt, går ein til klasseromma i lag med lærarane. Om samlinga blir ferdig før timen er slutt, er det mogleg å ha nokon CL-strukturar (classbuilding) eller gje elevane ein ekstra lang matpause. Kontaktlærarane er saman med elevane til kl. 11.00.

- **11.15:** Vanleg timeplan

- **12.15:** Friminutt.

- **12.30:** Vanleg timeplan

- **13.30/14.00:** Skuledagen er slutt.

Merk: Alle timane skal ha ei tydeleg avslutning også denne dagen. Oppsummer og førespegl neste økt.

E) Historie

2012-2026

Dette stod på heimesida før revisjonen som var ferdig våren 2026:

Klepp ungdomsskule er ein RESPEKT-skule. Arbeidet med Respektprogrammet vart starta i 2012.

Respekt blei utvikla av Senter for åtferdsforskning (SAF) som eit bidrag til EU-programmet Connect 001: "Tacling Violence in Schools". RESPEKT er et skuleomfattande program som rettar seg inn mot skulene på systemnivå i staden for på elevnivå. Programmet involverer alt skulepersonell, elevar og foreldre med sikte på å auke kvaliteten til skulen både på individnivå, klassenivå og skulenivå. Målet med RESPEKT er å redusere fleire typar åtferdsproblem i barne- og ungdomsskulen som mobbing, disiplinproblem og konsentrasjonsvanskar, samt skulk, rasisme, vald og gjengmentalitet.

Fokus for Klepp u sitt arbeid med programmet har vore:

- Korleis kommuniserer vi i det vaksne miljøet på skulen
- Korleis kommuniserer vi mellom vaksne og elevar
- Arbeid med gode relasjonar mellom vaksne og elevar både individuelt og i klasse/gruppe-situasjon.
- Tydelege grenser ift reglar, enkle reglar som alle skal følge opp

2026 og framover

Over tid vart det tydeleg at det var behov for ein revitalisering og revisjon av kva RESPEKT-programmet innebar i praksis, både for den enkelte tilsette og for skulen som heilskap. Berre om lag ein tredel av dei tilsette som deltok i arbeidet i 2012, var framleis tilsette ved Klepp ungdomsskule. Dette medførte at mange nye tilsette trong ei felles forståing av, og eigarskap til, kva RESPEKT står for.

I utviklingsplanane frå 2023–2024 vart det derfor sett som eit mål å revitalisere RESPEKT-programmet. Gjennom grundige og inkluderande prosessar fram til april 2026 vart RESPEKT 2.0 gjort ferdig. Setningar og innhald er justerte, forkorta, endra og vidareutvikla, og programmet har fått ny aktualitet gjennom felles drøfting og sams forståing i kollegiet.

Skulen vil i åra framover arbeide for å halde dei ulike elementa i RESPEKT levande, mellom anna gjennom regelmessig arbeid i plenum og på trinn gjennom skuleåret. Gjennom aktiv og medviten bruk av RESPEKT kan det også bli aktuelt med nye justeringar over tid. Målet er at RESPEKT skal vere eit levande dokument og ein naturleg del av den profesjonelle ryggmargen hos alle tilsette.